



To menn og *Ave Maria* i Hamar kaupangen

Av Elise Kleivane

Der Hamar kaupangen låg i mellomalderen, blir det stadig gjort lausfunn, særleg av små metallgjenstandar. Eitt av desse funna er ein gjenstand av bly med runer på, funnen med metalldetektor på Storhamarstranda i 2012. Dette funnet er ikkje tidlegare publisert. I denne artikkelen blir det gjort greie for lesinga av runene, samt tolkinga av dei. Andre innskrifter samt manuskriptskrift blir tatt med i diskusjonen av tolkinga. Ein interessant detalj ved denne innskrifta er at ein av personane som er nemnt der, kan vere den same som er omtala i eit diplom frå Hamar. I artikkelen blir det òg drøfta kva denne innskrifta fortel om skriftkultur i Hamar og Noreg i mellomalderen. Til slutt blir dateringa av innskrifta diskutert, samt kva for funksjon denne blyskiva kan ha hatt.

HKH-14429

Gjenstanden det skal handle om her, er eit lausfunn som er gjort på Storhamarstranda. Det er ein liten flat ring av bly med runeinnskrift på begge sider. Det er snakk om eit overflatefunn gjort med metalldetektor. Storhamarstranda har stein og strandgrus i eit ca. 5 cm. tjukt lag, over leire. Det som ligg over leira, blir flytta rundt av vatnet og folk har gjort overflatefunn langs stranda i ei årrekkje. Gjenstanden er ei rund skive med høl i midten, eller ein kan kalle det ein flat ring, som blei funnen i to delar om lag éin meter frå kvarandre. Delane blei funne i felt 15 (sjå Illustrasjon 1 og 2).¹ Blyringen har fått museumsnummeret HKH-14429.

* Denne artikkelen er skriven som del av NFR-prosjektet *Bokstavar mellom runer og manuskript*. Takk til Erik Bjørnstad (Anno Museum) og Svein Olav Krøgli (NIBIO) for hjelp med karta. Mange takk òg til fagfeller for god og konstruktiv tilbakemelding på manuset.

1. Erik Bjørnstad (pers. komm.), Anno Museum. Felta er lokalt etablerte som sektorar for registrering av funn, og blir ført inn i Primus (databasen som Anno Museum brukar pr. 2019), saman med annan informasjon om funna frå Domkirkeodden.

Ringen er ca. 2,6 cm i diameter, og ca. 0,2–0,3 cm tjukk. Dei to fragmenta (1 og 2) høyrer heilt klart saman. Det viser både brotflatene og innskrifta på den eine sida (sjå nedanfor). Den eine sida (A) er lett konveks, og den andre sida (B) tilsvarande konkav, men dette kan vere resultat av seinare deformering (sjå Illustrasjon 3). Side A har innskriftfeltet heilt rundt, og innskrifta går over brotflatene, medan side B har to separate innskriftsflater, éi på kvart av dei to fragmenta. Hølet i midten av ringen er avlangt på B-sida og rundt på A-sida. Dette gjer at det verkar som om ringen er sett saman av to tynne skiver, eventuelt éi skive og to halvsirkklar. A-sida ser ut til å vere utforma som ein ring som er om lag like brei rundt heile, ca. 0,6–0,8 cm, og med eit rundt og ujamt hòl i midten på ca. 1,2 cm i diameter. B-sida ser ut til å vere sett saman av to halvsirkklar som ikkje møtest, og dermed skapar eit nivåskilje i ringen som går som eit spor tvers over. Sett frå B-sida er hølet i midten ikkje rundt, men nærmast ovalt eller rektangulært, ca. 0,9 × 1,5 cm.² Dermed er det som ser ut som baksidene av midtdelen av dei to halvsirklane, der kanten er nærmast rett, synlege frå A-sida. Like eins ser det ut som om baksida av ringen som utgjer A-sida, er synleg mellom dei to halvsirklane som utgjer B-sida. Eg har ikkje klart å slå fast om ringen verkeleg er sett saman av fleire delar på denne måten, eller om det er gjort på ein annan måte. Men innskriftene på begge sider er støypte inn i ringen som del av produksjonen. Dette er nok ein indikasjon på at kvar side er støypt for seg, og deretter monterte saman. Runene er skrivne inn i forma, slik at rune-teikna står oppheva frå bakgrunnen på blyringen.

På side A følgjer runene kanten av ringen slik at toppen av runene står mot ytste kanten, medan botnen av runene peiker inn mot sentrum. Runeteikna er derfor plasserte slik at dei har tendens til “vifteform”. På side B er runene ordna annleis, her er runene stilte horisontalt på lese-retninga i to parallelle rekker, den eine over den andre. Innskrifta på fragment 1 kjem øvst i høve til lese-retninga, med toppen av runene langs ringens ytterkant og botnen av runene i line langs den rette kanten av halvsirkelen. Innskrifta på fragment 2 blir såleis nedst i høve til lese-retninga, og med toppen av runene langs den rette kanten av halvsirkelen, medan botnen av runene følgjer den runde kanten ytst på ringen (sjå Illustrasjon 4).

2. Måla her er særskilt vanskelege å fastsetje pga. skadane på ringen.

Lesinga av runene er for det meste uproblematisk, og nokre av runene som er usikkert lesne ved okulær undersøking, blir tydelege og sikkert lesne i mikroskop. I brotflatene mellom dei to delane har det truleg berre gått éi rune heilt tapt på side A, samt at identifiseringa av fem andre runer på same side er usikker. Lesinga av dei andre runene er derimot sikker nok til at tolkinga i det heile ikkje er problematisk. Innskrifta på blyringen er ikkje publisert tidlegare.³ Derfor går eg først gjennom lesinga eg har gjort, før eg kjem til tolkinga.

Side A: lesing

På side A har eg identifisert 26 runer, ikkje alle er sikkert lesne. I dette talet er medrekna éi heilt tapt rune. Eitt mogleg interpunksjonsteikn er ikkje rekna med (sjå Illustrasjon 5).⁴ På fragment 1 av side A er det spor etter to prikkar som eg les som interpunksjonsteikn. Dette er etter dei to runene som står heilt til venstre på fragmentet. Presentasjonen av lesinga tek til ved dette interpunksjonsteiknet. Rune 1 er ein \uparrow der kvisten er ganske lang og nesten 90 grader ut frå staven. Kvisten når fram til punkteringa på runa som står føre interpunksjonsteiknet (rune 26). Dei to interpunksjonsteikna står eitt over og eitt under kvisten på rune 1. Rune 2 er ein sikkert lesen \uparrow , punkteringa er tydeleg. Rune 3 \cap , 4 Υ og 5 \uparrow er sikre. Rune 6 er skadd i toppen, men kan lesast som \mathring{R} . Rune 7 \uparrow ,

3. Innskrifta har verken fått N-nummer eller A-nummer i Runearkivet, derfor bruker eg museumsnummeret gjenstanden har fått på Anno Museum. N+nummer tyder at innskrifta er publisert i *Norges innskrifter med de yngre runer* (NIyR), A+nummer tyder at innskrifta er registrert i Runearkivet, men ikkje publisert i NIyR, B+nummer tyder at innskrifta er frå Bryggen i Bergen, ikkje publisert i NIyR, men registrert i Runearkivet. Kjersti Myren Nordsveen arbeider med ei MA-oppgåve ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, med Karoline Kjesrud som rettleiar, om runeinnskrifter frå Hamar. Der vil denne innskrifta, samt andre tidlegare publiserte og upubliserte innskrifter frå Hamar, bli drøfta.
4. Teiknforklaring: Ein boge over to runer ($\uparrow\uparrow$) eller bokstavar (\mathring{an}) viser at to eller fleire runer er skrivne saman, med andre ord at det er ei binderune. Ein annan variant som er brukt i brødteksten for å vise binderuner i translitterering, er $\mathbf{a+n}$. Ein prikk under ei rune (\uparrow) tyder at runa er usikkert lesen, ein prikk under translittereringa (\mathring{a}) tyder det same, eller at det er usikkerheit omkring korleis runa skal translittererast. Ein prikk (.) tyder uidentifiserbar rune. Skarpe klammer tyder lakune, og strek inni ([-]) antyder kor mange runer som truleg manglar, tre strekar tyder at tre eller fleire runer er borte. Translitterering av runer blir gitt i **feite** typar (og i fonten Runlitt A), bokstavinnskrifter blir gitt i MAJUSKLAR, fonem blir angitt ved skråstrekar /f/, grafem ved hakeparentes <f>.

8 † og 9 † er sikkert lesne. Sjølv om rune 8 har kvisten lågare enn rune 1 og 3, og kvisten på rune 9 startar ganske langt nede, skapar dette ikkje tvil om lesinga. Punkteringa av rune 9 er heilt tydeleg. Rune 10 er skadd, slik at berre toppen er synleg, der ein ser ein stav med ein kvist går ut frå toppen, nedover mot høgre. Kvisten går så langt ned at det kan vere ein ǀ eller ein ǃ. Nedst er det spor etter to eller tre stavar eller kvistar, noko som styrkjer at det kan vere ei av desse to runene. I sidelys, skrått ovanfrå venstre, ser det ut som om kvisten vender inn att mot hovudstaven, noko som gjer det meir sannsynleg at det er ein ǃ. Rune 10 blir lesen som ein usikker ǃ. Rune 11 er den siste som det er spor etter på fragment 1 av side A, og her er det berre spor etter toppen av ein stav, og det er ikkje mogleg å identifisere henne.

På fragment 2 av side A held innskrifta fram, sannsynlegvis med éi rune heilt borte i brotflata. Nummereringa av runene held her fram med rune 13 som den første det er synlege spor etter. Rune 13, 14 og 15 er alle usikkert lesne. Dei har skadar i topp og botn. Av rune 13 er det berre spor etter ein stav der toppen og botnen manglar, og det er ikkje spor etter kvistar midt på staven. Det er ikkje mogleg å identifisere denne runa. Rune 14 er ein hovudstav der botnen manglar, men der det er synlege spor etter ein kvist ned til venstre frå midten, denne runa blir lesen som ein usikker †. Kvisten er såpass tydeleg avslutta at rune 13 og 14 blir lesne som to runer, ikkje som éi. Av rune 15 kan ein sjå ein hovudstav der det går ein kvist opp til høgre frå midten. Mindre tydeleg, men likevel synleg, er ein kvist ned til høgre frå midten på same rune. Avstanden mellom nedre enden av den nedre kvisten og hovudstaven er mindre enn mellom toppen av hovudstaven og den øvre kvisten, men dette kan vere eit resultat av den “vifteforma” layouten på innskrifta. Rune 15 blir lesen som ein usikker ǃ. Rune 16 til 22 og 24 er sikkert lesne: 16 †, 17 †, 18 †, 19 †, 20 †, 21 †, 22 † og 24 †. Midt på rune 16 til venstre for staven er det ein prikk, men han har ikkje noko med runa å gjere. Mellom rune 17 og 18 er det eit opphøgd felt som forstyrrar lesinga av 18 i noko grad. Kvistane på rune 18 og 19 møter kvarandre. Kvistane på rune 21 er korte, men tydelege. Rune 23 er truleg ein punktert i. Staven sveller ut midt på, men overflata av punktet er skadd. Likevel er det nok att til at eg les det som ein litt usikker †.

I brotet mellom fragment 2 og 1, mellom rune 24 og 25, har inga rune gått tapt. Rune 25 står etter brotet og er ein sikkert lesen ǀ, men der

kvisten er mindre tydeleg mot botnen. Rune 26, den siste før interpunksjonsteiknet, er ein ¹ der staven er utydeleg og skadd i toppen, medan punktet som avsluttar staven, er tydelegare.

Dette gir denne lesinga av side A:

: ††N Y †R ††R. [-]. †K †††††† Y ††N †
 1 5 10 15 20 25
 :**æumariagr**. [-]. **aplenatomēnus**

Side A: tolking

Tolkinga av innskrifta er uproblematisk, det er byrjinga av bønna *Ave Maria*: “Ave Maria, gratia plena, Dominus”. Tolkinga styrkjer lesinga av det usikre interpunksjonsteiknet mellom rune 26 og 1. Det er ikkje uvanleg i epigrafi å markere starten eller slutten av innskrifta med eit interpunksjonsteikn, anten i form av ein kross, to eller fleire prikkar, eller anna teikn.⁵

Innskrifta er skriven samanhengande, utan orddeling. Det første ordet i bønna, *ave*, er skrive **æu**. Det er vanskeleg å forklare dette som anna enn feilstaving. Innskrifta har gjennomført punktering i høve til fonologien, med unntak av rune 20 ¹ i **tomēnus** (*Dominus*). Det er ikkje synleg spor etter eventuell punktering av ¹ for eintydig å markere /d/ her. Eg kjenner ikkje til andre runeinnskrifter der andre vokalen i *Dominus* er realisert som †. Skrivemåte med † må vere resultat av den fonologiske realiseringa som ristaren har hatt av dette ordet, med /i/ i den trykklette stavinga redusert til /e/. Liknande døme på redusert uttale av vokalar i trykklette stavingar i latin ser ein døme på i fleire runeinnskrifter, men der er det som regel trykklett /e/ som har blitt redusert til /æ/ skrive med † (jf. NIyR I: 105–106 og Knirk 1998: 489–490).

Basert på tolkinga av innskrifta som *Ave Maria*-bønna, kan ein bestemme dei usikkert lesne runene 10, 14 og 15 som høvesvis R, † og K. Runene 11 og 13, som ikkje lèt seg identifisere, må vere høvesvis † og l, noko som ikkje går imot dei spora som finst der. Den runa som er tapt i brotet, rune 12, er høgst sannsynleg ei **c**-rune. Det kan òg ha vore ein ¹, noko som ville svare til ein meir etymologisk korrekt skrivemåte. Eit

5. Det finst mange døme på dette, både i runeinnskrifter (t.d. N 347 og N 652) og bokstavinnskrifter (t.d. museumsnummer C12702 og C956). Interpunksjonsteikn brukt på denne måten er eitt av fleire moment ved gravsteinsinnskrifter og innskrifter på bygnadar som vil bli handsama i doktoravhandlinga til Johan Bollaert, UiO, som del av prosjektet *Bokstavar mellom runer og manuskript*.

anna alternativ kunne vere ¹ /s/, basert på korleis dette ordet kan ha vore uttalt av den som rista innskrifta. Denne skrivemåten finst belagt m.a. i N 347: **grasia**.⁶ Det vanlegaste er likevel å skrive <c> for <t> framfor /i/ etterfølgd av ein annan vokal, i mellomalderlatin i både manuskript og innskrifter (Knirk 1998: 489–490). Det heng saman med lydutviklinga i latin, der klassisk <c> framfor /e/ og /i/ blei uttalt /tsi/. Då kunne opphavleg <ti> og <ci> bli blanda saman. I seinare fransk latinuttale kan ein òg få /si/ i denne konteksten (Danielsen og Kraggerud 1996: 146).

I manuskriptskrift ser ein både skrivemåte med <ti> og <ci> av klassisk *gratia* i norske latinskspråklege tekster, t.d. i “Overeenskomst mellem Kongen og erkebiskoppen” frå 1273 (NGL II: 457 og 461) står det <dei gratia>, medan det i “Overeenskomst mellem Kongen og Erkebiskoppen” frå 1277 (NGL II: 462) står <dei gracia> og <eadem gracia>. Like eins seinare i “Kong Magnus Erikssöns Retterbod om Tienden i Jamteland” skrive i Stockholm i 1346 (NGL III: 167) står det <dei gracia>, <ratione jurisdictionis> og <gracie nostre>, medan i “Erkebiskop Olafs Statut” skrive i Nidaros i 1351 (NGL III: 306) står <dei gratia> og <anno gratiæ>. Søk i *Diplomatarium Norvegicum* på <gratia> og <gracia> viser at begge formene er i bruk. Søka får høvesvis 567 og 945 treff.⁷ Eitt døme frå ein annan type tekst er å sjå på innsida av bakpermen på Kristinas psalter (København GKS 1606 4to), og her er skrivemåten med <c>.⁸

I innskrifter med latinske bokstavar ser ein veksling mellom skrivemåte med <c> og <t> i denne konteksten: Frå Nidarosdomen er det døme med <ti> i INCARNATIONE (Syrett 2, 1161), og med <ci> i DEDICATIO (Syrett 4, ca. 1170–1190, sjå Syrett 2002, bd. 1: 153).⁹ Det

6. Same skrivemåten finn ein òg i Vg 258, G 127, DR 50, DR 183, DRSchl22 og GR 34.
7. https://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html. Eg har ikkje søkt etter andre ord med tilsvarende fonologisk kontekst i denne samanhengen.
8. Psaltaret er skrive i Paris ca. 1230. Notisane som er skrivne på innsida av bakpermen, er yngre, det er m.a. ein eigarnotis (første halvdel av 1300-talet), ei heil *Ave Maria*-bøn (som dømet er ifrå) og byrjinga av nokre *Ave Maria*. Referansar til Syrett og nummer er til katalogen i Syrett 2002. Skrivemåte med <ci> for <ti> framfor vokal var òg vanleg i latinske tekstar i svensk og dansk manuskriptskrift. Kroman (1943: 37 og 47) skriv t.d. at skrivemåte <ci> for <ti> kjem tidleg, og at det blir gradvis vanlegare i danske manuskript.
9. Skrivemåte med <ci> for etymologisk <ti> finn ein t.d. òg i Øye stavkyrkje som har

er ingen døme frå Nidarosdomen på ordet *gratia* skrive med <t>, men gravsteinen Syrett 99 har <gracia> (tidleg 1300-tal, sjå Syrett 2002, bd. 1: 366–367). I det norske materialet av bokstavinnskrifter elles har eg ikkje funne nokre døme på ordet skrive med <t>, derimot finst det mange døme på <gracia>.¹⁰ Eit altarfrontale frå Tingelstad (Museumsnummer C 5040, ca. 1275–1300) har AVE:MARIA:GRACIA:PLENA:DOMINVS. Eit anna døme er ein sølvring frå Tønsberg (museumsnummer C33543 TG1200) der det står +AVE:MARIA:GRACIA:. Eg har funne eitt døme frå Västergötland i Sverige med skrivemåte <t> i denne konteksten, i bokstavinnskrifter. På ein gravstein som har både runeinnskrift (Vg 165, Södra Ving) og bokstavinnskrift, har bokstavinnskrifta blant anna tydeleg AVEMARIA:GRATIA. Motsett døme finst på døypefonten frå Vä i Skåne, som har GRACIA (Blennow 2016: 79–81).

I runematerialet er det like eins overvekt av skrivemåtar som reflekterer uttale /gratsia/ og der /ts/ er markert med runa ʁ.¹¹ Denne runa, som har same form som “langkvist-s”, blir på grunn av bruk som dette, oftast translitterert c når det er snakk om mellomalderinnskrifter, i analogi med bruken av <c> i bokstavskrift (sjå ovanfor). Bruken av denne runa i norske mellomalderinnskrifter vitnar om primær eller sekundær kjennskap til skrivemåtar med bokstavar i mellomalderlatin. Skrivemåte med t-rune i denne konteksten er sjeldan, eg kjenner ingen frå Noreg, men Vg 88 (innskrift med både runer og bokstavar) og G 104E har høvesvis **gratiA** og **gratia**. Dette må reflektere anten kjennskap til ein meir etymologisk skrivemåte, eller at dei har fokusert på /t/-en i /ts/-uttalen. Det er dessutan verd å nemne skrivemåte med ʁ, som t.d. i N 135. Dette er nok på si side eit resultat av kunnskap om at <c> er vanleg skrivemåte framfor <i> i dette ordet, samt at <c> i latin primært representerer /k/. I manuskriptskrift blir <c> brukt for /k/ òg i norrøne teksttar, særleg i dei eldste manuskripta. Dermed kan ein ha dratt slutninga at ein kan bruke ʁ for det ein med bokstavar skriv <c>.¹²

vigslingsinnskrifter med <dedicacio> skrive med minusklar i treveggen to gonger.

10. Eg tek her atterhald om at det norske innskriftsmaterialet med bokstavar ennå ikkje er fullstendig dokumentert, så det kan finnast døme på skrivemåte med <t> i dette ordet. Eg har heller ikkje i denne samanhengen leita etter skrivemåtar med <t> respektive <c> i andre ord, men same kontekst utover døma frå Nidarosdomen.
11. Frå det norske runematerialet kan ein nemne som døme: N 307, N 531, N 617, N 619 og N A72, og i tillegg den tapte N 142.

I innskriftsmaterialet med både runer og bokstavar er det altså i all hovudsak skrivemåte med <c> eller ʝ som er brukt i *gratia*, og ikkje <t> eller ʦ. Derfor er det mest sannsynleg denne runa som er gått tapt i brotet mellom rune 11 og 13. Eitt argument mot dette er at runa ʝ er brukt på side B i ein samanheng der runa høgst sannsynleg står for /k/ eller /k:/, sjølv om det kjem ein /i/ etter. Skilnaden er likevel at teksten på A-sida er på latin, medan han på B-sida sannsynlegvis er på norrønt. Dette kjem eg tilbake til nedanfor.

Ristaren har brukt K for /p/ i *plena*, og ikkje B eller B̅, noko som tyder på at innskrifta ikkje er blant dei eldste mellomalderinnskriftene, men etter ca. 1200.¹³

Side B: lesing

Lesinga av B-sida har ikkje problem som følgje av brotet. På B-sida har eg lese 15 runer, fordelt på to liner med høvesvis 7 og 8 runer (sjå Illustrasjon 5). På fragment 1 er det ei synleg kantline rundt ytterkanten som runene følgjer. Likeeins er det tvers over ringen ei nesten rett kantline som runene står vinkelrett på. Denne rette lina er meir skadd. Runene vender med toppen ut mot ytterkanten av ringen. Rune 1 til 4 er tydelege: 1 l, 2 ʝ, 3 ʦ og 4 B̅. Den nedste kvisten på rune 2 er mindre tydeleg, men synleg. Avstanden mellom kvistane er større enn på andre ʝ på ringen. Nedste del av staven på rune 3 er skadd, men hindrar ikkje lesinga. Rune 5 er ein ʞ, og kvisten møter hovudstaven litt nedanfor toppen. Det er mogleg at det går ein kvist ned til venstre frå midten av hovudstaven, så dette kan alternativt lesast som ei binderune av ʝ og ʞ. Det er i tillegg noko som kan sjå ut som ein kvist ned til venstre, men øvst på hovudstaven, og kunne gjort dette til ei trippel binderune a+t+u, eventuelt som o+u. Men denne øvste kvisten er mindre tydeleg, han er dessutan kortare (men det er ikkje meir plass heller), og har ein annan vinkel enn andre kvistar. Han møter heller ikkje hovudstaven heilt, så eg reknar ikkje dette som ei trippel binderune, og binderune o+u reknar eg like eins for å vere usannsynleg. Derimot meiner eg det må lesast anten som ei binderune

12. Det finst i tillegg eitt døme i runematerialet (Sm 145) på skrivemåte *graccia*. Slik skrivemåte er ikkje aktuell på runeringen frå Hamar, fordi den delen av brotflata som er borte, sannsynlegvis ikkje har hatt plass til meir enn éi rune.
13. Om kronologien i bruken av B̅, B̅̅ og K for /p/ i runematerialet frå Bryggen i Bergen, sjå Spurkland (1994).

ɑ+u eller som **u**. Denne runa vil bli drøfta nærare i delen om tolkinga av side B nedanfor. Rune 6 og 7 er lesne som **h** og **l**. Tverrstreken på **h** er ikkje heilt tydeleg, men står godt fram i sidelys. Fordi runene følgjer den halvsirkelforma overkanten, og er stilte vertikalt på den horisontale botnlina, møter det høgre “kneet” i **h** den øvre kantlina. Toppen av **l** møter òg kantlina og er derfor kortare enn dei andre runene, slik òg rune 1 på denne sida er. Det kan sjå ut som om denne siste staven, rune 7, held fram bøygd oppover mot venstre, men dette er kantlina, og ikkje del av runeteiknet. Likevel, dersom ein ikkje har sidelys slik at tverrstreken i **h** kjem fram, kan det derfor sjå ut som om det står **l** og **h**. Men etter undersøking med mikroskop og lys i ulike vinklar er eg overtydd om at ein må lese **h** og **l**.

På fragment 2 av side B vender runene med toppen inn mot midten av ringen og møter vinkelrett den horisontale lina som går vertikalt tvers over ringen, tilsvarende “botnlina” på fragment 1. Nedre del av runene følgjer krumminga på ringen slik at dei ytste runene på kvar side er kortare enn dei i midten, jf. fragment 1. Runene er tydelege å lese. Rune 8 er **þ**, der belgen går nesten opp til toppen av staven truleg som følgje av at innskriftsfeltet gir runa lite plass her (jf. rune 1 og 7 på fragment 1). Rune 9 **ᚠ** har korte, men tydelege kvistar. Rune 10 er **l** med tydeleg punkt for å markere kvar runa sluttar. Rune 11 er **l** og det same er rune 12, rune 13 er **ᚠ**, der venstre del av kvisten møter staven i rune 12, men det hindrar ikkje lesinga. Rune 14 er **l** og rune 15 er **þ**. Kvisten på rune 15 har ein litt annan vinkel enn andre kvistar, men er tydeleg.

Dette gir denne lesinga av side B:

| 1 1 B 1 1 |

¹ ⁵
ionbāuci

þ 1 1 1 1 1 1

¹⁰ ¹⁵
posttæin

Side B: tolking

Tolkinga av innskrifta på side B er som på side A uproblematisk, sjølv om tolkinga av dei fire siste runene på fragment 1 byr på visse problem. Innskrifta på side B viser dessutan fram nokre interessante runologiske

og språklege drag som det er verdt å kommentere. Innskrifta nemner to namn: Jón med tilnamnet **bāuci** og Þorsteinn. Skrivemåten **posttæin** for Þorsteinn er interessant på fleire måtar. Runologisk kan ein merkje seg at ristaren vel å skrive to **t**-runer der ein ikkje skulle vente det ut i frå verken etymologien i namnet eller fonologien. I runeinnskrifter er det ikkje vanleg å bruke dobbelskriving av rune for å markere vokal- eller konsonantlengd, heller ikkje der det er venta. Det er derfor ikkje uventa at ristaren ikkje markerer lang /n/ i slutten av namnet. Men det er likevel ikkje uvanleg å finne døme på dobbelskriving av runer både der det er venta ut ifrå fonologien, og der det ikkje er venta. Døme på begge delar ser ein m.a. i N 297 med lang konsonant markert der det er venta i **hennâr**, *hennar*, og lang vokal i **saal**, *sál*, men òg der det ikkje er venta i namnet **mārgretta**, *Margréta*.¹⁴ Skrivemåten viser òg assimilering av /rs/ > /ss/. Den assimilerte forma dekkjer over etymologien og viskar til dels ut skiljet mellom dei to ledda i namnet: Þórr+steinn > Þost(t)ein. Det kan ha gjort at namnet har blitt oppfatta som om det er eit usamansett namn, men at uttalen har halde på ei rest av kvantiteten i konsonantklynga, og ført til skrivemåten **stt**. Eller så er dobbelskrivinga her berre eit døme på inkonsekvent skrivemåte jamført med det som elles er norma i runeinnskrifter.

Runene **bāuci** kan tolkast på ulike vis, men eg går ut ifrå her at det er eit tilnamn til Jón. Først kan nemnast at runene **B** og **I** blir tolka som /b/ og /i/, då dette er primærverdiane til runene, og fordi sekundærverdiane, høvesvis /p/ og /e/, er representerte ved **K** og **T** på A-sida. Med tanke på at A-sida og B-sida verkar vere produserte kvar for seg og så sette saman, er det mogleg at det ikkje er same person som har skrive inn runene i forma som delane skulle støypast i, og at det er mogleg at to skrivarar då har hatt ulike ortografiske vanar. I tillegg er A-sida ei latinsk bøn, medan namna på B-sida er norrøne. Det kan òg spele inn på vala ristaren eller ristarane har gjort. Men det er ikkje noko ved runeformene elles som tyder på at det er snakk om meir enn éin ristar. Derfor blir runene **B** og **I** tolka som /b/ og /i/, men tolkinga av runene mellom desse må drøftast.

Det første problemet er korleis ein skal lese rotvokalen. Det har ikkje vore mogleg å slå fast om det skal lesast som **u** eller binderune **a+u**. Der-

14. Det finst òg døme på at lang konsonant blir markert til og med relativt konsekvent i lengre innskrifter, slik som i N 446 i Tingvoll kyrkje.

som det ikkje er meint å skulle vere ei binderune, men berre ein \mathfrak{N} , kan runa lesast som /u(:)/, truleg ikkje som /o(:)/ sidan \mathfrak{d} er brukt for /o:/ i Jón, og truleg heller ikkje som /y(:)/ sidan dette fonemet nok ville blitt markert med \mathfrak{A} når vi er så langt inn i mellomalderen som rundt 1300, som vi sannsynlegvis er med denne innskifta (om dateringa, sjå nedanfor). Dersom det er ei binderune **au**, dukkar fleire alternativ opp: Då kan det anten vere diftongen /au/ eller digrafisk skrivemåte av omlydsvokalen /ø/ som ligg til grunn.¹⁵ Kanskje er det helst diftongen dersom ein jamfører med runematerialet elles. I runematerialet blir vokalen /ø/ oftast markert med \mathfrak{d} eller med modifiserte versjonar som \mathfrak{d} \emptyset eller \mathfrak{d} \mathfrak{O} , sjeldan med digrafisk skrivemåte. Men det finst, t.d. i N 761 ($\mathfrak{d}\mathfrak{N}\mathfrak{I}\mathfrak{R}\mathfrak{I}\mathfrak{R}$ for *Ølrekr*, frå Bryggen i Bergen funnen over brannlaget frå 1248), og det finst belegg allereie i vikingtida (sjå Sanness Johnsen 1968: 47–48), men altså ikkje så mange frå mellomalderen. Men dersom ristaren av innskifta på blyringen frå Hamar har kjennskap til manuskriptskrift og dette har påverka runeristinga, blir omlydsvokalane meir aktuelle. I norsk manuskriptskrift frå ca. 1225 og framover blir u-omlydsproduktet av /a/ markert med anten <o>, ligatur <a+v> eller <a+o>, eller digrafisk <au> (Seip 1954: 78 og 122), eller omlyd blir ikkje markert framfor ståande /u/, særleg i austnorsk. I innskiftsmaterialet med bokstavar finst det ikkje så mange døme der ein skulle vente u-omlydsproduktet av /a/, så det er ikkje så stort jamføringsgrunnlag. Men ein kan nemne to døme frå Trondheim og der er <o> er brukt: Syrett 103 har BON for *børn* (kring 1200) og Syrett 24 (midten av 1200-talet) har ASBIORN for *Åsbjørn*.

Det andre problemet med tilnamnet **bāuci** er runa \mathfrak{h} som her har blitt translitterert *c*. Begge namna på denne sida, Jón og Þorsteinn, har nordiske former. Þorsteinn er dessutan eit nordisk namn, Jón derimot er ei

15. Omlydsvokalen /ø(:)/ er lite aktuell her. I norske runeskrifter frå mellomalderen er /ø(:)/ som regel markert med \mathfrak{d} \emptyset , og nokre gonger med \mathfrak{d} \mathfrak{O} . I eldre innskifter kan **u** stå for /ø:/ (jf. Sanness Johnsen 1968: 43, og N 61 med *furpi* for *fórtði*), men eg kjenner ingen døme på **au** (eller binderune **au**) for /ø(:)/. Frå norsk manuskriptskrift er det ikkje kjent bruk av digraf <au> eller ligatur <a+v> eller <a+u> for /ø(:)/ anna enn i dei aller eldste manuskripta, der <a+v>-ligatur er brukt (jf. Oslo, NRA 81b og Seip 1954: 24). I islandsk fall /ø/ og /ø/ saman på 1200-talet, men det skjedde ikkje i norsk. På blyringen frå Hamar er vi langt unna Island, og det er ikkje noko elles i innskiftene på ringen som tyder på islandsk språk eller påverknad, snarare tvert imot, så det er lite grunn til å vurdere rotvokalen her som /ø/ representert ved ein skrivemåte som er vanleg for /ø/.

nordisk kortform av Johannes. Derfor er det nærliggjande å gå ut ifrå at tilnamnet til Jón er laga etter eit nordisk ord eller eit lånord som er i alminneleg bruk på norrønt. Endinga på -i når det står til eit mannsnamn, tyder på eit svakt bøygd ord i maskulinum. Når ein då har som utgangspunkt at tilnamnet har norrøn form, så er det nærliggjande å tolke runa ᚱ som representant for /k/ eller /k:/. Dersom ordet derimot er eit latinsk ord, skulle ein heller kunne tolke denne runa som representant for /ts/ i og med at det kjem ein /i/ etter, jf. ovanfor, men det er ikkje mange latinske tilnamn belagd.¹⁶

Dersom det då er eit nordisk ord som ligg til grunn for tilnamnet, og ᚱ blir tolka som representant for /k(:)/, er det eit spørsmål kvifor ikkje ƿ er brukt. Den punkterte versjonen ƿ er brukt på side A for /g/. I atgjevinga av norrønt i bokstavskrift i mellomalderen har <c> vore brukt som allograf til <k> og i periodar har bruken av dei to veksle etter palatalregelen. Palatalregelen spring ut frå atgjevinga av gammalengelsk med latinske bokstavar, og skriftnormer som blei utvikla i England, og som seinare blei overtekne i Noreg. I bokstavskrift er /k/ den primære realiseringa av <c>. Men på grunn av uttalen /ts/ i latinske ord der <c> blei etterfølgd av fremre vokal, kunne det oppstå usikkerheit kring uttalen av engelske ord når dei blei skrivne med <c> framfor fremre vokal, men skulle ha uttale /k/. Derfor finn ein ofte veksling etter den såkalla palatalregelen, slik at <c> blir brukt der omgjevnadane ikkje opnar for /ts/-uttale, slik som norrønt <coma>, medan <k> blir brukt der det skal vere /k/-uttale, sjølv framfor /i/, som t.d. i <kirkia> eller engelsk <kyning> (jf. Seip 1954: 12). Det er ikkje vanleg å bruke ᚱ for /k/ i runeinnskrifter der teksten er i norrønt språk, men det finst døme på det mellom anna i N 13 som har **aslacar** for Áslákr. På den andre sida finst det fleire døme på at ᚱ blir brukt for å representere /k/ i latinske tekstar, slik som t.d. i N 634 som har **lucas** og **marcus**, og som i tillegg har **kristus** skriva med ƿ trass i at det har den latinske forma *Christus* og ikkje det norrøne *Kristr*.

Når eg her argumenterer for at ᚱ kan tolkast /k(:)/, skulle det i prinsippet kunne opne for ei tolking /g(:)/, då k-runar ƿ òg kan brukast for /g(:)/. Men sidan den punkterte runa ƿ er brukt for /g/ på A-sida, reknar eg det som lite sannsynleg at ᚱ skal tolkast /g(:)/. Dessutan kjenner eg

16. Nokre døme hos Lind (1920–1921) er *angelus* (sp. 4), *paramus* (sp. 275) og *validus* (sp. 396). Ei stor klasse slike tilnamn er dei som kan vere både tittel og tilnamn, og som har fått ei norrøn form, som t.d. *djákn* (sp. 59) og *prestr* (sp. 280–281).

ikkje til døme frå Noreg på bruken av ᚱ c for /g/, fonemet /g/ blir uttrykt med ʃ eller ʃ̅.¹⁷ Å tolke runa som /s/ er heller ikkje særleg aktuelt sidan ᚱ er brukt elles på begge sider av ringen for /s/, og fordi ᚱ for /s/ er mindre venta i mellomalderinnskrifter i Noreg.¹⁸

Eit alternativ som er verd å drøfte, er om ᚱ kan tolkast som representant for /ts/ på side B, slik som i latinske innskrifter. Det finst døme frå det norske runematerialet på at ᚱ blir brukt for dental konsonant og /s/ i omgjevningar der uttalen har vore nære /ts/ i innskrifter på norrønt, slik som i N 92 (kyrkjeklokke, tapt) med **guc** for *Guðs* og N 253 ---]luarc for [Hal]lvarðs. Det er ikkje urimeleg å tenkje seg at det er same ristaren som har skrive både A- og B-sida av ringen, og det viser i så fall at han er kjent med å skrive latin med runer. Nå er dessverre ikkje den runa bevart på side A der ein ville vente bruk av ᚱ, som drøfta ovanfor, men bruken av ᚱ framfor /i/ er såpass utbreidd i latinske innskrifter at det er nærliggjande å tru at ristaren kjente til /ts/ uttalen av ᚱ. I innskrifta på B-sida kjem dessutan ein /i/ etter ᚱ. At ristaren kjente til konvensjonar for å skrive latin med runer, er minst like rimeleg å anta som at ristaren kjente til bokstavrealiseringa <ci> av den fonologiske realiseringa /tsi/ i t.d. *gracia*, og dermed kunne finne på å bruke ᚱ for /k(:)/ i analogi med allografane <c> og <k> for /k/. Uavhengig av korleis ein tolkar ordet, viser skrivemåten påverknad frå og kjennskap til det å skrive latin med bokstavar og/eller med runer.

Dersom då rotvokalen i **bāuci** ikkje er ei binderune, men berre ʀ, kan tilnamnet vere “buki”, “búki”, “bukki”, “búkki”, om ᚱ står for /k(:)/, eller “butsi”, “bútsi”, om ᚱ står for /ts/. Dersom rotvokalen er uttrykt med ei binderune som står for diftong, kan det vere “bauki” eller “bautsi”, og dersom det er ein digrafisk skrivemåte av omlydsvokal, “bøki”, “bøkki” eller “bøtsi”. Av desse er dei med rotvokal /o/ minst sannsynlege, fordi det ikkje er belagt nokre ord som desse tilnamna skulle vere avleidd frå. Det har heller ikkje variantane med /ts/, uavhengig av rotvokalen.¹⁹ Hel-

17. Den frikative allofonen [ɣ] av /g/ kan derimot bli representert ved *h, slik som i N 616 der *Sigurðr* er skriven **sihurþr** to gonger.

18. Sjølv om det finst, t.d. i N 632 frå Bryggen i Bergen. Det er ei innskrift med latinsk tekst der bruken er motsett slik ein oftast ser det: ᚱ er brukt for /s/ og ᚱ er brukt dei stadene der ein i bokstavskrift ville brukt <c> (og altså for både /k/ og /tsi/-uttale). Elles kan nemnast N A312 (seint 1100- eller tidleg 1200-tal) frå Oslo som har *Karl risti* med ᚱ for /s/ (*Nytt om runer* 1989: 8).

19. Lind (1920–1921: sp. 51) har eitt belegg på *butsi*: ein danske som heiter “Per bwtzæ” frå 1510 (DN VI nr. 652).

ler ikkje for det kortstava *buk-* og det overlange *búkk-* er det nokre kjente ord som dei kan knytast til.

Då står ein att med “*búki*”, “*bukki*” og “*bauki*”. Dei mest nærliggjande orda å knyte til desse potensielle tilnamna er substantivet *bukkr* som òg finst som *bokkr* og tyder ‘buk’, ‘rambuk’, eller substantivet *búkr* som tyder ‘buk, kropp’, samt verbet *bauka* som tyder ‘å rote, grave’ eller ‘å rase (om eld)’.

Både *bukkr* og *búkr* er belagde som tilnamn, i tillegg til at dei er substantiv, i den sterke forma (Lind 1920–1921: sp. 47–48).²⁰ Noko tilnamn “*bauki*”, til verbet *bauka*, som kunne tyde noko slik som ‘han som rasar og herjar omkring’, finst det ikkje belegg på. Det er heller ikkje belegg på *búkr* i svak form som tilnamn. Men derimot finst den svake forma *bokki* belagt som tilnamn på norrønt. Lind gjev tre døme, og det eine belegget er i eit diplom frå Hamar, datert 14. mars 1317 (DN III, nr. 108), og der blir det brukt som tilnamn til ein som heiter Jón.²¹ Alle dei tre døma har rotvokalen realisert som <o>. Tilnamnet blir skriva <bokke> i diplommet frå Hamar, med -e i endinga heilt i samsvar med vokalharmonien elles i diplommet, og altså med rotvokalen realisert som <o>. Vokalharmonien tyder elles på at det er /o/ i rotvokalen og ikkje /o/, då det ville gitt -i som trykklett endingsvokal.

I *Norrøn ordbok* (NO) samt i *Ordbog over det norrøne prosasprog* (ONP) er tilnamnet *bokki* gjevne tydinga ‘stormann’, ‘storkar’, ‘kar’. Den same tydinga har Lind, men han nemner at desse tydingane er islandske og nynorske (Lind 1920–1921: sp. 34). Dei nynorske tydingane som står hos Lind, finn ein t.d. i *Norsk Ordbog* (Aasen 1873: 69). Her har oppslaget *Bokke* to tydingar, anten ‘stormann, mektig mann’ eller ‘busemann, spø-

20. Lind peiker på at to av dei tre døma han gir på *búkr*, kan vere *bukkr*.

21. I tillegg er det brukt om ein Eiríkr som er nemnt i eit diplom frå Voss 1350 (DN I, nr. 321), samt om Þordur bokki som var biskop på Grønland 1288–1314 (DI III, nr. 254, dette er ei liste frå 1376 over biskopar på Grønland og Island). Lind viser dessutan til to gardsnamn som er ført opp i biskop Eysteins jordebok, og som kan hengje saman med dette tilnamnet, eitt frå Tjøme i Vestfold: “I Bukkaliidh” (Huitfeldt 1875: 196) og eitt frå Orust nord for Göteborg, i det som tidlegare var Elvesyssel: “Bukka dall” (Huitfeldt 1875: 316). Dei to gardsnamna er skrivne med <u> som rotvokal. Og dei høyrer til om lag same region som Hamar, rett nok ikkje same bispedømme, for dette er Oslo, ikkje Hamar bispedømme, men alt er Sørøst-Noreg, inkludert Elvesyssel.

kelse; vette, ein av dei underjordiske'.²² Den første tydinga fører han til gamalnorsk *bokki*, men utan nærare referanse. Av dei to nynorske tydingane er det mest nærliggjande å rekne den første som det tilnamnet heng saman med – dersom ein går ut i frå at det er same ord som ligg til grunn for dei norrøne og dei nynorske belegga. Etymologien til norrønt *bokki* bør vel koplust til substantivet *bukkr/bokkr* (m.), slik blir det òg gjort i ONP. Substantivet *bukkr* er oftast skrive med rotvokal <u>, men det finst altså òg skrivemåte med <o>. Det er derfor ikkje urimeleg å tru at òg tilnamnet med svak form, *bokki*, kan ha blitt skrive med rotvokal <u> slik som det sterke substantivet.

Ei siste moglegheit til tolking av tilnamnet må nemnast. Dersom skrivemåten med h på blyringen er eit utslag av kjennskap til /ts/-realisering av <c> i visse omgjevnadar i mellomalderlatin, kan kanskje realiseringa av runa i eit norrønt ord som dette ha blitt /st/ heller enn /ts/. Då kjem to andre belagde tilnamn inn i biletet. Men eg må medgi at dette kanskje er eitt tolkingssteg lenger enn eg eigentleg vil ta. Likevel er det verd å nemne. Det kan då bli snakk om anten *busti* eller *bausti*. Det første er ei alternativ form av *bursti* som tyder 'bust til skosaum' og heng saman med substantivet *burst/bust* som tyder 'bust' eller 'ryggbust på svin'. Det finst belegg på både den svake og den sterke forma som tilnamn (Lind 1920–1921: sp. 50). Det andre alternativet, *bausti*, heng saman med verbet *beysta* som tyder 'å slå, dengje', og er òg belagt som tilnamn, då med tydinga 'ein som buser på' (NO). Lind (1920–1921: sp. 17) har eitt døme på *bausti* frå ein islandsk biskopsaga. I tillegg finst tilnamnet i DN XXI, nr. 28 (meir om dette under datering nedanfor).

Dei belagde tilnamna som er aktuelle for tolkinga av **buūci**, er altså *bokki*, samt *busti* og *bausti*. Tolkingane er avhengige av korleis ein skal lese rotvokalen i innskrifta, og kva ein meiner h representerer. Av desse alternativa er det etter mitt syn *bokki* som krev minst forklaring. Då er rotvokalen å lese som h , og h står for /k:/. At rotvokalen i runeinnskrifta er **u**, medan manuskriptbelegga har <o>, ser eg som lite problematisk i lys av den tilsvarande vekslinga mellom <u> og <o> i det etymologisk beslekta *bukkr/bokkr*.

22. "Bokke (o'), m. 1) en Stormand, mægtig Mand (= Bugge, Bause, Bekse). Sfj og fl. (G. N. *bokki*). – 2) Busemand, Spøgelse; ogs. Vætte, En af de Underjordiske. Nfj. Sdm (Bokkje). Hertil 'bokkefingjen': underlig, særindet, som en Skifting."

Lesinga av rotvokalen i tilnamnet i runeinnskrifta blir likevel ståande som usikker. Men gjennom diskusjonen av tolkingsmoglegheitene konkluderer eg med at **u** er noko meir sannsynleg enn binderune **a+u**.

Om skriftkulturar og \mathfrak{h} i innskrifter på norrønt og latin

I mellomalderen har fuþarken 16 runeteikn. I det vestnordiske materialet blir /s/ i hovudsak representert ved kortkvist $\mathfrak{1}$ eller $\mathfrak{2}$, men \mathfrak{h} førekjem òg (NIyR V: 242–243). Runeteiknet \mathfrak{h} er likevel ein ofte førekommande del av runeinventaret i mellomalderen, men då som oftast i latinske innskrifter (sjå m.a. Spurkland 2001: 163–168, NIyR II: 105–106 og NIyR VI: 180).²³ Runa finst i runeinnskrifter som set opp runene i alfabetrekjefølgje, og ho står då på plassen til <c>, t.d. i N 539 og N A126. I fuþarkinnskrifter er runa sjeldan med, men eitt døme er N B35. Der er runa plassert saman med andre “ekstrateikn” etter dei 16 i sjølve fuþarken. Når runa blir brukt i innskrifter, er det som regel i latinske ord eller namn av ikkje nordisk opphav, og då gjerne for /ts/ eller /s/ som nemnt ovanfor i diskusjonen av denne runa på blyringen frå Hamar. I N 630 blir \mathfrak{h} brukt både for /ks/ i $\mathfrak{R}\mathfrak{t}\mathfrak{h}$, og for /ts/ eller /s/ i $\mathfrak{t}\mathfrak{t}\mathfrak{h}\mathfrak{t}\mathfrak{R}\mathfrak{t}\mathfrak{t}\mathfrak{N}\mathfrak{1}$. Dette blir translitterert som høvesvis **rex** og **nazarenus** i NIyR, med usikkerheit markert under translittereringa av **x** og **z**. Denne runa blir òg brukt nokre gonger der uttalen er /k/, slik som i N 634 med **lucas** og **marcus**.

Det er ikkje vanleg å finne \mathfrak{h} **c** i innskrifter på norrønt, og når runa er brukt i slik samanheng, så er ho som regel brukt for det som i manuskript kunne skrivast <z>, med uttale /ts/, t.d. i N 648 $\mathfrak{t}\mathfrak{t}\mathfrak{Y}\mathfrak{t}\mathfrak{R}\mathfrak{*}\mathfrak{t}\mathfrak{Y}\mathfrak{t}\mathfrak{t}\mathfrak{Y}\mathfrak{t}\mathfrak{R}\mathfrak{t}$ **senmerhacanokora**, tolka som *Send mér hanzka nøkkura* (‘Send meg nokre hanskar’).²⁴ Eit anna døme frå vestnordisk ru-

23. Eg avgrensar meg her til mellomalderinnskrifter frå Noreg. I svenske og danske innskrifter blir \mathfrak{h} brukt for /s/ i større grad og er del av fuþarken òg i mellomalderen, medan Grønland og Island følgjer den norske tradisjonen (Imer 2017: 39). Runeinnskrifter i det heile viser tendensar til standardisering eller tradisjonar, men det er sjeldan vanskeleg å finne døme på avvik frå tendensane.

24. Runa \mathfrak{h} er ein variant av “langkvist-s” og blir translitterert i NIyR som **z**. Same roneform er brukt i N A104, Bø gamle kyrkje, i **hect** tolka som *hests* (Nordby 2018: 307–308). Andre døme der norrøne ord er rista med \mathfrak{h} for /ts/, og ein ville vente skrivemåte med <z> i manuskriptskrift, er N 325 **blæcaþer** for *blezaðr*, N 446 **minnick** for *minnizk* og N B 184 **biacku** for *bjarzku*.

netradisjon er GR 15 som har ʀ1ʀ for *lands*, i tillegg til dei ovanfor nemnte N 92 og N 253.

Eit interessant spørsmål er korleis ein skal forstå bruken av ʀ for /ts/ i innskrifter på *norrønt*. Ristarane kan ha assosiert dette runeteiknet med forma på <z> i manuskriptskrift der bokstaven blir brukt for /ts/.²⁵ Men det er òg mogleg at dei har vald ʀ på grunn av at dei kjenner til realiseringa /ts/ for runa ʀ i runeinnskrifter på latin, som t.d. i bøna *Ave Maria, gracia plena*, uavhengig av om dei kjenner til at bokstaven <c> i latinsk anten kan gi uttale /k/ eller /ts/. Bruken av runeteiknet ʀ i runeinnskrifter med norrøn tekst kan vise til påverknad frå manuskriptskrifta sin <z>, men det kan òg vise til kjennskap til korleis latin blei skriva med runer. Men eg ser ingen grunn til at ein skal søkje éi forklaring – altså tilpassing til mellomalderlatinsk ortografi – for bruken av ʀ i *latinske* runeinnskrifter, og ei anna forklaring – altså manuskriptpraksisen å bruke <z> for /ts/ i norrøne tekstar – for bruken i *norrøne* runeinnskrifter. I alle fall meiner eg at ein ikkje bør dra skiljet etter kva for språk som blir skriva, fordi det er høgst sannsynleg at mange av dei som skriva med runer, kjente til manuskriptskrift med både norrønt og latin, og til runeinnskrift på både norrønt og latin. Det er i alle fall ei moglegheit som ein må halde open. I tillegg kjem kjennskapen runeristarane bør ha hatt om korleis ein skriva høvesvis latin og norrønt i innskrifter med bokstavar.

I denne artikkelen argumenterer eg for at runeringen frå Hamar gir døme på eit norrønt tilnamn med ein skrivemåte med rune ʀ for /k:/, og at det på side B, fragment 1 står **ionbuci** for *Jón bukki*. Dersom dette er rett, så viser bruken av **c** for /k/ i denne innskrifta til kjennskap til latinsk bokstavskrift hos runeristaren. Det er ingen andre **k**-runer på ringen, berre punktert **k**-runer for /g/ på side A. Dessverre kan vi ikkje vite kva rune som var brukt mellom **gra** og **ia** i *gratia*. Tatt i betraktning at det er svært få belegg i epigrafikken i det heile på <t> i denne fonologiske konteksten, men derimot mange døme med <c>, og at det dessutan er overvekt av <c> òg i manuskript, er det rimeleg å tenkje seg at *gratia* har vore skriva med <c>-ekvivalenten ʀ også her, eller moglegvis med det kanskje meir uttalenære ʀ s. Dersom det var brukt ʀ både i *gratia* og for /k/ i *bukki*, tyder det på ei generalisering hos ristaren av <c> uttrykt med rune ʀ i både latin og norrønt, og for både /ts/- og /k/-uttale. Det vil då

25. Bokstaven har z-form i norske manuskript i den eldste perioden, medan ʒ-forma tek meir over utover på 1300-talet.

med andre ord vere ein grafonomisk praksis som føreset fonologisk kompetanse om korleis ein skal realisere runa i høvesvis latin og norrønt.

Ristaren viser elles god kjennskap til latinsk ortografi i *Ave Maria*-innskrifta, med unntak av feilskrivinga av *ave*, og runeinventaret blir utnytta godt for å gje att bønna i rett ortografisk form. Både ƿ, ʀ, ƕ blir brukt, og det er berre ved ʀ i **tominus** der **t**-runa ikkje er punktert, at systemet ikkje blir utnytta fullt ut. Ristaren viser gjennom utnyttinga av runeinventaret òg i dei norrøne innskriftene god kjennskap til runeortografisk praksis. Han bruker ʀ for /æ/ og han skriv ikkje dobbel konsonant i **buci**. Derimot skriv han to **t**-runer i **posttæin**. Og heilt innforstått med epigrafisk tradisjon skriv han utan orddeling ved mellomrom, og han har heller ikkje orddeling ved interpunksjon. Dette er ein ristar som gjer bruk av skriftnormer vi forbind med latinskriftkulturen og runeskriftkulturen. Slike innskrifter minner oss om at vi ikkje må undervurdere skriftkyndigheita og den mangesidige kompetansen til dei som skreiv i mellomalderen. Dei levde i ein tospråkleg og toskriftleg kultur, og blei påverka frå fleire hald.

Datering

Hamarkaupangen var nært knytt til katedralen og biskopens verksemdar, så nært at når bispedømmet blei lagt inn under Oslo ved reformasjonen, så var det ikkje lenge før kaupangen var borte (Sæther 2005: 22–24 og 27–29). Av dei funna som er gjort frå Hamarkaupangen, er det funn av metallgjenstandar på Storhamarstranda som utgjer hovudmengda. Dette er funn som det er vanskeleg å datere. Det same gjeld blyringen HKH-14429 med runeinnskrift.

Dateringskriteria som finst for blyringen, er av ulike slag og gjev kvar for seg ikkje særleg grunnlag for noka presis datering. Runologisk er det vanskeleg å snevre inn dateringa meir enn til mellomalderen. Det er berre bruken av ƕ for /p/ som talar for ei seinare heller enn ei tidleg datering innanfor denne perioden, då det først er etter ca. 1200 at ƕ gradvis kjem i bruk i staden for Ɔ eller Ɔ for /p/ (Spurkland 1994). Eit innholdsmessig kriterium er at *Ave Maria*-bønna blei meir og meir populær frå 1100-talet og framover, og frå midten av 1200-talet blir bønna éi av dei tre tekstane

som kyrkja ønskte at alle kunne.²⁶ Dette er heller ikkje eit kriterium som kan avgrense dateringa i særleg grad, men at *Ave Maria*-bøna er skriven inn på ringen kan, saman med dei andre kriteria, peike mot ei datering ut på 1200-talet eller seinare. Eit språkleg kriterium er den assimilerte forma av namnet *Þorsteinn* (jf. ovanfor om tolkinga av B-sida). Både assimilerte former og ikkje-assimilerte former av namnet *Þorsteinn* finst i runematerialet frå mellomalderen. Indrebø ([1951] 2001: 118 og 133) held fram skiljet mellom assimilerte og ikkje-assimilerte former som eit skilje mellom nordlege og sørlege dialektar i norrøn periode (“gamalnorsk”). Assimilasjonen /rs/>/ss/ tek til i sørvest og spreier seg derifrå, men blir ikkje gjennomført overalt. Dei to førekomstane av namnet *Þorsteinn* i Atrå kyrkje i Vest-Telemark, som Magnus Olsen held for å vere om lag samtidige (ca. 1180–1200), viser begge former.²⁷ Derimot har begge dei nordtrøndiske belegga på namnet i runematerialet ikkje-assimilert form.²⁸ Det er òg verd å merkje seg at av dei seks belegga frå Bryggen i Bergen, er det dei to frå før 1200 som har ikkje-assimilert form, og dei fire yngre frå ca. 1300 og framover har assimilert form.²⁹ Dette kan tyde på at blyringen frå Hamar, som ligg aust i Noreg og som viser assimilert form, ikkje høyrer til blant dei eldste innskriftene frå mellomalderen.³⁰

26. Dei to andre tekstane er *Credo* og *Pater Noster*. Kleivane (2018) skriv om *Ave Maria* i epigrafien i norsk mellomalder.
27. N 148 **þorstæin** og N 151 **þostæin**. Den første er ei vigslingsinnskrift som fortel at kyrkja blei vigsla av biskop Ragnar (av Hamar), og han døydde ca. 1190. Den andre innskrifta daterer Magnus Olsen til om lag samtidig som den første (og dei to andre innskriftene N 149 og N 150) på grunnlag av “innskriftssedvane” (at dei fleste kyrkjeinnskrifter verkar vere skrivne om lag samtidig, og tidleg i kyrkjene si historie), indre kriterium og namneforhold (NIyR II: 201–203).
28. N 510 (Hegra 2) og N 536 (For (Stod) kyrkje), N 510 er ikkje nærare datert enn til mellomalderen, medan N 536 blir datert til tidleg 1200-tal på grunnlag av utsmykkinga (NIyR V: 117).
29. N 756 **þorstæin** (over 1198), N 755 **þorstæin** (under 1198) utan assimilasjon, og N 648 **þostæin** (over/i 1332), N 757 **postein** (under 1332), N 758 **postin** (omkring 1413), N B364 **þostæin** (før 1332) med assimilasjon. Her er dateringa basert på stratigrafien i brannlaga og ikkje på språklege eller runologiske argument. Bryggen i Bergen var elles eit område der folk frå mange delar av landet møttest, så ein kan tenkje seg at dette heller viser variasjon mellom dialektar. Men når det kronologiske skiljet er så eintydig, og ein dessutan har så mange som seks døme, er det god grunn til å sjå dette som resultat av endring i språket.
30. Blyringen er ein liten, portabel gjenstand, så det er så klart mogleg at han er laga ein annan stad, og så transportert til Hamar.

Blyringen er som nemnt eit overflatefunn gjort i strandkanten på Storhamarstranda. Det er derfor ingen stratigrafisk eller annan arkeologisk kontekst som kan bidra til ei datering av ringen. Når vatnet i Mjøsa flyttar rundt på stein, grus og andre gjenstandar som ligg der, så blir den opphavlege konteksten til dei historiske leivningane borte. Men når vatnet flyttar på det som ligg på stranda, så blir det som ligg der, flytta saman. Så sjølv om den opphavlege konteksten er borte, så kan ein likevel få noko informasjon ved å sjå på kva ting som er funne i same område av stranda. Det er framleis slik at ein finn meir av visse typar gjenstandar som t.d. nåler eller knappar i visse område enn i andre. Det tyder for det første på at det har vore produksjon eller sal av visse gjenstandstyper i eit særskild område, og for det andre at sjølv om vatnet flyttar på ting, så spreier det ikkje alt i ulike retningar. I det området der blyringen blei funnen, har ein gjort funn m.a. av engelske myntar slått av kong Edward 2 (1284–1327) og av vektlodd med merker som blir knytte til Hákon Magnússon si regjeringstid (1299–1319). Dette er ein indikasjon på at akkurat dette området ved stranda har hatt ein del aktivitet i dei første tiåra av 1300-talet, sjølv om myntane og vektlodda eigentleg berre fortel når dei har blitt laga, og dei kan ha hamna i strandkanten mykje seinare. Og det kan ikkje seie noko om når blyringen blei laga og når han hamna på Storhamarstranda, men viser til aktivitet i tilknytning til dette feltet rundt 1300 og framover.

Så er det dei to namna på B-sida. Jón var eit svært vanleg namn i Noreg i mellomalderen. *Bukki* eller *bausti* som tilnamn er det derimot som nemnt ovanfor ikkje så mange skriftlege belegg på. Det vil ikkje seie at det ikkje kan ha gått fleire rundt i mellomalderen med desse tilnamna, og som til og med kan ha heitt Jón, utan at dei har blitt nemnde i skrift. Men når det er belegg i diplomaterialet både på ein Jón *bokki* og ein Jón *bausti* frå om lag det same området og innanfor det vide tidsrommet som runeringen kan plasserast i, så er det verd å ta dette med i vurderinga.

Diplomet DN XXI, nr. 28, er utan dato og heimfesting. Diplomet stadfester at Arna på “Vælli”, enka etter Jón *bausti*, gjer opp om skuldene som mannen har hatt til kongen. Garden “Vælli” som enka sit på, er truleg Voll i Gausdal (RN 4, nr. 797), litt vest for der Lillehammer ligg i dag. I så fall er dette ikkje så langt frå Hamar. Dateringa er i DN foreslått til ca. 1320 og i RN seinast 1330. Dette er basert på identifiseringa av Þorvarðr Hávarðarson som er nemnt i diplommet, med riddaren og riksrådet Þorvarðr Hávarðarson. Skulle tolkinga *bausti* vere den rette, og det

er same Jón i diplomet og på ringen, så skulle det kunne gi ei datering av runeringen til kring 1300, med eit slingringsmonn på eit par tiår kvar veg. Dette går ikkje mot det dei andre dateringskriteria seier. Men det er mange usikre moment både med omsyn til datering og heimfesting. I tillegg meiner eg at tolkinga av tilnamnet **bāuci** som *bausti* er den minst sannsynlege av dei to, fordi denne tolkinga krev meir forklaring enn *bukki*.

Tilnamnet *bokki* er belagt i diplomet DN III, nr. 108. Brevet er datert 14. mars 1317 og er skrivi i Hamar. Saka gjeld ein tvist om eigedomsretten til garden “Stæini” på Bjøralt.³¹ Tvisten står mellom Jón *bokki* og ein Þorkell. Jón skal ha fått rettar til “Stæini” som bøter, og han skal ha avtalt med Jón på Dvergstein at sistnemnte tok landskulda frå “Stæini” mot at Jón *bokki* fekk tilsvarende landskuld frå Skjefstad. Dette kan Jón føre vitne for, medan motparten ikkje kan føre fram vitne for sin versjon av saka. Jón *bokki* vinn derfor saka. “Stæini” på Bjøralt og Dvergstein ligg på Hadeland, medan Skjefstad ligg ved Lena, vest for Mjøsa. Om Jón *bokki* heller ville ha landskulda frå Skjefstad enn frå “Stæini”, så tyder det på at han bur nærare Skjefstad enn “Stæini”. Partane har møtt lagmannen som skriv diplomet på Hamar i 1317, og dersom tolkinga *bukki* på runeringen er den rette, og eg meiner dette er den mest sannsynlege tolkinga, så er det mogleg at Jón på blyringen og Jón i diplomet er same person. Men både ei kopling til Jón i DN III, nr. 108 og til Jón i DN XXI, nr. 28 vil gi ei omtrentleg datering av blyringen til 1300, med eit slingringsmonn på eit par tiår begge vegar.

Denne diskusjonen av førekomsten av tilnamn i diplommaterialet som kan svare til namnet på blyringen, har ikkje som mål å skulle slå fast at det er samsvar mellom personen nemnt på blyringen og ein av personane nemnt i diploma. Det kan ein gjere meir eller mindre sannsynleg, men det vil ikkje kunne stadfestast. Hovudpoenget med å dra inn diploma i diskusjonen har vore å gjere dei tolkingalternativa som finst basert på lesinga av tilnamnet, meir eller mindre sannsynlege. Men når desse to belegga på dei to moglege tolkingane av tilnamnet er frå diplom der dei som har tilnamnet, òg heiter Jón, og begge diploma er innanfor perioden det er sannsynleg at blyringen er frå, då ligg det nære å bruke

31. I diplomet står “stæini”, eigentleg “j stæini”, og plassen er ikkje nærare identifisert enn til Bjøralt som er nemnt fleire gonger og framleis finst som stadnamn. I RN (III, nr. 1015) skriv dei **steini** og markerer slik at namnet ikkje er belagt i nyare form.

dei som moglege dateringskriterium. Mellom desse to diploma står det eine – DN III, nr. 108 – fram med fleire moment som indikerer at det *kan* vere snakk om same person som på blyringen: Diplomet er skriva på Hamar, og det stadfester dessutan at Jón *bokki* var til stades på Hamar, og i tillegg er det dette tilnamnet som etter mi meining samsvarar best med blyringen frå Storhamarstranda sitt **bḡuci**, då lese som **buci**.

Det andre namnet på blyringen, Þorsteinn, var òg eit vanleg namn i mellomalderen, til dømes heitte biskopen i Hamar frå 1288–1304 Þorsteinn, og ein kannik i Hamar med same namn er nemnt i DN IV, nr. 16, frå 1296. Men utan noko meir enn berre personnamnet er det ikkje mogleg å komme lenger.

Gjenstanden

Så til slutt må det òg seiast noko om kva denne blyringen kan ha vore for gjenstand, for det er ikkje openbert kva han har vore meint å skulle fungere som. Ringen er støypt og innskrifta er støypt inn slik at sjølvveistinga av innskrifta har gjort i støypeformene. Det er derfor mogleg at det kan ha blitt laga fleire ringar med lik innskrift, dersom ikkje produksjonsmåten har kravd at forma må slåast i stykke for å få ut ringen. I denne samanhengen er det nærliggjande å vise til nokre støypeformer i kleberstein funne i Garðar på Grønland. Dette er støypeformer til spinnehjul, og fleire av dei har innskrifter (Imer 2017: 73–76), fem med runer og éi med bokstavar. Alle desse formene er slått i stykke, og av éi er to av delane funne. Eg har som nemnt ovanfor ikkje kunne slå fast om ringen er støypt i to, eventuelt tre, delar for deretter å bli montert saman, eller om støypeforma har vore montert saman slik at ein kunne tømme metallet inn i forma og slik støype heile ringen i eitt. Men eg held det første alternativet for mest sannsynleg sidan ringen, eller skiva, er så tynn. Når ikkje meir er kjent om korleis ringen har blitt framstilt, er det vanskeleg å ta stilling til om dette har vore ein gjenstand som har vore produsert i fleire eksemplar eller ikkje. Men støypeformene frå Garðar som er slått i stykke, er ein sterk indikasjon på at det same har vore tilfellet med ringen frå Hamar. I så fall har ikkje akkurat denne innskrifta vore støypt inn i fleire gjenstandar. Uansett er det heilt klart at innskrifta har blitt skriva som del av framstillinga av gjenstanden, og ikkje har blitt rissa eller skriva inn i gjenstanden etter at han var framstilt.

Eg kjenner ikkje til andre gjenstandar som denne, men det finst liknande som det er verd å jamføre med. Han er for liten til å skulle vere ei spenne for å feste belte eller likande, og i så fall burde det ha vore ein pinne tvers over ringen. Det kan det for så vidt ha vore, men at han har falle av og blitt borte. Det er òg verd å merkje at det er innskrift på begge sider, at det er to mannsnamn på side B, og at ingen av dei er helgennamn. *Ave Maria*-bøna som står på side A, har vore godt kjent og i det epigrafiske materialet finst det døme på fleire ulike funksjonar som bøna har hatt (Kleivane 2018). Blyringen kan ha fungert som ein amulett, med *Ave Maria*-bøna på eine sida, og med namna til dei som ein ønskte vern for, på andre sida. Men igjen er det påfallande at det er to namn, og at det er to mannsnamn.

Klebersteinsformene frå Garðar på Grønland kan kanskje vere ein parallell ut over å vise til den sannsynlege produksjonsmåten. Innskriftene på dei grønlandske snellehjula inkluderer namn, på GR 16 truleg eitt kvinnenamn og D 11166.3 eitt mannsnamn, *Ave Maria* er òg truleg representert på éi form, GR 18 (Imer 2017: 174, 176 og 186), så blyringen frå Hamar har parallellar der. Men til skilnad frå dei grønlandske og andre spinnehjul er blyringen mykje tynnare, berre 0,2–0,3 cm tjukk. Likevel, spinnehjul blei laga i mange ulike storleikar og tyngder, avhengig av kor fin eller grov tråden skulle vere (Øye 2015). Eit anna moment som talar imot at dette, er eit spinnehjul, er forma på hølet i blyringen. Det er større enn ein ville venta og dessutan er det ikkje heilt rundt eller jamt i forma, men dette kan vere resultat av seinare skader. Det er funne fleire spinnehjul av stein og metall frå Hamarkaupangen, nokre med dekor og eitt (HKH-14272) som har spor etter runer støypt inn.³² Desse spinnehjula har ei meir typisk form. Imer (2017: 75) peiker på at alle formene til spinnehjul som er funne på Grønland, er funne i Garðar som var bispesetet. Dette viser at framstilling og støyning av metallgjenstandar har vore ein type produksjon knytt til bispesetet på Grønland, slik som det har vore på Hamar.

Dersom ein jamfører med anna epigrafisk materiale frå andre mellomalderbyar, kan ein kanskje sjå ein parallell i dei mange trepinnane med runeinnskrifter som er funne særleg på Bryggen i Bergen og i

32. Spinnehjulet er i bly, og svært korrodert. Runene er svært vanskelege å lese, og eg har berre klart å identifisere nokre få av teikna: eit interpunksjonsteikn (fem prikkar i krossform), ein \mathcal{V} , ein \mathfrak{d} , ei binderune $\mathfrak{d}+\mathfrak{b}$ og spor etter tre runer til.

Trondheim.³³ Pinnane er forma på ulike vis, og mange av dei har ei form som ser ut som at dei er meinte å bli knytt fast til noko eller stukne inn i noko. Innskriftene er ofte anten berre eitt namn, eller eit namn pluss *á*, ‘eig’, og desse har blitt tolka som eigarmerke. Det som skil HKH-14429 frå desse eigarmerka, er forma og materialet, det er to namn på ringen og ikkje noko verb, sjølv om ikkje alle eigarmerke har verb med, samt at ringen har tillegget med *Ave Maria*. Det er heller ikkje funne nokre meir “typiske” eigarmerke i Hamarkaupangen, men det er vanskeleg å seie om det er fordi slike ikkje har blitt brukt der, eller om det er bevarings- og utgravingsforhold som gjer at ein ikkje har funne slike. Det er i hovudsak metallgjenstandar som blir funne frå Hamarkaupangen. Kanskje blyringen er hamarvarianten av eigarmerka som vi kjenner i tre frå Bergen og Trondheim. Som ein variant til eigarmerke kan ein sjå vareplombene. Det er funne mange vareplomber i Hamarkaupangen, frå fleire delar av verda, og blyringen kunne vere ein lokal variant av slike. Likskapen er først og fremst materialet og det at to skiver ser ut til å vere pressa saman, medan forma med hølet i midten og teksten på blyringen skil seg frå vareplombene.³⁴

Eit anna forslag er at dette kan vere eit avtalemerke. Når ringen er brekt i to, slik han blei funnen, så er det eitt namn på kvar del, medan bøna på andre sida går over brotet. Slik vil ein kunne halde dei to bitane saman og sjekke at nettopp desse to delane passar saman. Så vidt eg veit, er det ikkje funne døme på dette i det epigrafiske materialet i Skandinavia eller på Island, men ein litterær parallell finn ein i *Gísla saga Súrssonar*. Vésteinn og Gísli er på handelsreise i Danmark, og Gísli vil reise tilbake til Island, medan Vésteinn vil til England. Gísli er uroleg for at noko skal skje, og ein morgon smir han ein mynt:

ok hnitár saman penninginn, ok eru tuttugu naddar á, tíu á hvárum hlutum,
ok þykkir sem heill sé, ef saman er lagðr, om má þó taka í sundr í tvá hluti.
En frá því er sagt, at hann rekr í sundr penninginn ok selr annan hlut í hendr

33. Band VI av *Norges innskrifter med de yngre runer* tek for seg ein stor del av materialet frå Bryggen i Bergen. Beskriving av Trondheimsmaterialet ved Hagland (1998) finst preliminært tilgjengeleg her <https://web.archive.org/web/20161104103439/http://www.hf.ntnu.no:80/nor/Publik/RUNER/runer-N774-N894.htm> (sist besøkt 23.09.2019), og ein omarbeidd versjon vil gå inn som band VII i *Norges innskrifter med de yngre runer*. Tønsbergmaterialet (Gosling 1989 og Johannessen 2011) og Oslo materialet (Sand 2010) har derimot ikkje mange døme på slike eigarmerke.

34. Om vareplombene funne i Hamarkaupangen, sjå Bakstad 2015.

Vésteini ok biðr þá þetta hafa til jartegna, – “ok skulu vit þetta því at eins sendask á milli, at lif annars hvárs okkar liggi við. En mér segir svá hugr um, at vit munim þurfa at sendask á milli, þó at vit hittimsk eigi sjálfir” (*Gísla saga Súrssonar* 1943: 28–29).³⁵

I sagaen er det ikkje ein ring med skrift som skal vise at delane heng saman, men ein mynt med taggar som passar saman, så det er ikkje heilt det same, men det viser at sagaskrivarar på Island på 12–1300-talet har kjent til eit slikt konsept. Det er ikkje heller så rart, då ein annan parallell, med fleire bevarte døme, er *kirografen*. For å kunne vise at to eller fleire dokument var skrivne samtidig, blei to eller fleire like brevtekstar skrivne på same pergament, og avskilt frå kvarandre med ordet *chirographum*, eller noko anna. Deretter blei pergamentet delt ved å skjere i sikksakk gjennom ordet, slik at ein seinare kunne halde delane saman og sjå at dei høyrte saman (sjå t.d. Jørgensen 2013: 254 med bilete). Slik praksis har nok òg vore kjent på Hamar i mellomalderen, og det er ikkje urimeleg at det er ein liknande praksis som ligg bak funksjonen til blyringen. At ringen var brekt då han blei funnen i 2012, men at delane likevel låg nære kvarandre, kan i så fall vere ein indikasjon på at han har vore delt i to og så blitt ført saman som prov på noko ved Storhamarstranda, og deretter blitt kasta då han hadde fylt sin funksjon. Dette er å sjå som eit forslag til kva gjenstand blyringen med innskrifta på kan ha vore, og andre døme eller nyfunn vil kunne endre dette. For det er òg mogleg at dette har vore ein amulett, eit spinnehjul, eit eigarmerke, ei vareplombe eller noko anna. Ringen kan dessutan ha blitt mista heil og brekt seinare, eller han kan ha gått i stykke ved eit uhell under produksjon eller i bruk.

Uavhengig av kva slags gjenstand ringen har vore, så vitnar han likevel om skriftbruk i Hamarkaupangen. Ein skriftbruk som det elles ikkje er så mange døme på frå denne staden. Det er få manuskript bevarte frå mellomalderens Hamar, trass i at det var fleire institusjonar der som har vore skriftsenter. Frå kaupangen er det i hovudsak funne små metallgjenstandar, der nokre få har skrift med anten runer eller bokstavar. Blyrin-

35. “og føyde mynten sammen. Det var tjue tagger på den, ti på hver del, og den var som ett stykke når den var satt sammen, men kunne likevel deles i to. Så blir det fortalt at han tok mynten fra hverandre og ga Vestein den ene delen og sa han skulle ha den som jærtegn, ‘og vi skal ikke sende disse mellom oss dersom ikke en av oss er i livs-fare. Og det aner meg at vi vil trenge å sende noe mellom oss om vi ikke møtes selv” (*Gisle Surssons saga* 2014: 8).

gen HKH-14229 er éin av desse, og den runegjenstanden som er best bevart og som har mest tekst. Ringen har dessutan fleire interessante trekk som indikerer at ristaren har kjent til skrivekonvensjonar i både runeskrift og manuskriptskrift av både latin og norrøne tekstar.

Bibliografi

- Bakstad, Anne Kathrine. 2015. "Middelalderens merkevarer: vareplombene fra Hamarkaupangen". I: *Anno Hedmark*, red. H. Jacobsen, 215–244. Trondheim: Museumsforlaget.
- Blennow, Anna Holst. 2016. *Sveriges medeltida latinska inskrifter 1050–1250. Edition med språklig och paleografisk kommentar*. Stockholm: Historiska Museet.
- Danielsen, Bjørg Tosterud & Kraggerud, Egil. 1996. *Latinsk grammatikk*. 3. utg. (1. utg. v/S. Eitrem). Oslo: Aschehoug.
- DI (sjå *Diplomatarium Islandicum*).
- Diplomatarium Islandicum* (DI). *Íslenzkt fornbréfasafn*, bd. I–XVI, red. Jón Sigurðsson mfl. Reykjavík: Hið Íslenzka Bókmentafélag, 1857–1976.
- Diplomatarium Norvegicum* (DN). Bd. I–XXIII, red. Chr. Lange mfl. Oslo: Seksjon for kildeutgivelse, 1847–2011.
- DN (sjå *Diplomatarium Norvegicum*).
- Gísla saga Súrssonar*. Utg. Björn K. Þórolfsson. *Íslenzk fornrit VI*: 1–118. Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag, 1943.
- Gísla Súrssonar saga*. Oms. J. G. Jørgensen. I: *Íslendingesagaene. Samtlige sagaer og førtini tættar*, red. J. G. Jørgensen & J. R. Hagland, 1–47. Reykjavík: Saga forlag, 2014.
- Gosling, Kevin. 1998. "The Runic Material from Tønsberg". I: *Universitetets Oldsaksamling. Årbok 1986–1988*, red. B. Myhre, 175–187. Oslo: Universitetets Oldsaksamling.
- Hagland, Jan Ragnar. 1998. *Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94. Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)*. Manuskript tilgjengeleg her <https://web.archive.org/web/20161104103439/http://www.hf.ntnu.no:80/nor/Publik/RUNER/runer-N774-N894.htm> (sist besøkt 23.09.2019).

- Huitfeldt, H. J., utg. 1875. *Biskop Eysteins Jordebog (Den röde Bog). Fortegnelse over det geistlige Gods i Oslo Bispedømme omkring Aar 1400*. Andet Hefte. Christiania: J. Chr. Gundersens bogtrykkeri.
- Imer, Lisbeth M.. 2017. *Peasants and Prayers. The inscriptions of Norse Greenland*. Publications from the National Museum. Studies in Archaeology & History, 25. Odense: University Press of Southern Denmark.
- Indrebø, Gustav. [1951] 2001. *Norsk Målsoga*. 2. rev. opplag. Bergen: Norsk bokreidingslag.
- Johannessen, Charlotte. 2011. Runematerialet frå Tønsberg. Upublisert masteravhandling i Nordic Viking and Medieval Culture. Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo.
- Jørgensen, Jon Gunnar. 2013. “Diplomer, lover og jordebøker”. I: *Handbok i norrøn filologi*, 2. utg., red. O. E. Haugen, 250–301. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kleivane, Elise. 2018. “Epigraphic *Ave Maria*”. I: *Epigraphy in an inter-medial context*, red. A. Bauer mfl., 101–122. Dublin: Four Courts Press.
- Knirk, James. 1998. “Runic Inscriptions Containing Latin in Norway”. I: *Runeninschriften als Quellen interdisziplinärer Forschung*, red. K. Düwel, 476–507. Berlin: Walter de Gruyter.
- Kroman, Erik. 1943. *Palæografi. A. Danmark og Sverige. Nordisk kultur XXVIII:A*, utg. J. Brøndum-Nielsen. Stockholm: Bonnier.
- Lind, E. H. 1920–1921. *Norsk-isländska personbinamn från medeltiden*. Uppsala: Lundequistska bokhandeln.
- NGL (sjå *Norges gamle love*).
- NIyR (sjå *Norges innskrifter med de yngre runer*).
- Norges gamle Love indtil 1387* (NGL). Første Række, 5 band, red. R. Keyser mfl. Christiania: Chr. Grøndahl, 1846–1895.
- Norges innskrifter med de yngre runer* (NIyR). Red. A. Liestøl mfl., band I–VI. Oslo: Kjeldeskriftfondet, 1941–1990.
- Nytt om runer. Meldingsblad om runeforskning*. 1989. Nr. 4. Oslo: Runearkivet.
- NO (sjå *Norrøn ordbok*).
- Nordby, Jonas. 2018. *Lønruner. Kryptografi i runeinnskrifter fra vikingtid og middelalder*. Avhandling for ph.d.-graden. Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.

- Norrøn ordbok* (NO). 1993. Red. Leiv Heggstad mfl., 4 utg. Oslo: Det norske samlaget.
- ONP (sjå *Ordbog over det norrøne prosasprog*).
- Ordbog over det norrøne prosasprog* (ONP). <https://onp.ku.dk/onp/onp.php>. København: Københavns universitet.
- Regesta norvegica*. Band 1–10, red. E. Gunnes mfl. Oslo: Kjeldeskriftfondet, 1989–2015.
- RN (sjå *Regesta norvegica*).
- Sand, Line Maren Lereim. 2010. Runer i et arkeologisk perspektiv. Upublisert masteravhandling i arkeologi. Institutt for arkeologi, konservering og historie, Universitetet i Oslo.
- Sanness Johnsen, Ingrid. 1968. *Stuttruner i vikingtidens innskrifter*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Seip, Didrik Arup. 1954. *Palæografi. B. Norge og Island. Nordisk kultur XXVIII:B*, utg. J. Brøndum-Nielsen. Stockholm: Bonnier.
- Spurkland, Terje. 1994. “K and B̅: One Grapheme or Two?”. I: *Proceedings of the Third International Symposium on Runes and Runic Inscriptions, Grindaheim 1990*, red. J. E. Knirk, 269–278. Institutionen för nordiska språk, Uppsala universitet.
- 2001. *I begynnelsen var Ƶ ᚷ ᚢ ᚦ ᚱ ᚷ*. *Norske runer og runeinnskrifter*. Oslo: Cappelen.
- Syrett, Martin. 2002. *The Roman-alphabet inscriptions of medieval Trondheim*, 2 bd. Senter for middelalderstudier. Skrifter nr. 13. Trondheim: Tapir.
- Sæther, Tor. 2005. *Hamar i middelalderen*. Hamar: Domkirkeodden.
- Øye, Ingvild. 2015. “Tekstilproduksjon i middelalderbyene – mer enn bare husflid?”. I: *En aktivist fra Middelalderbyen Oslo. Festskrift til Petter B. Molaug i anledning hans 70-årsdag 19. des. 2014*, red. L.-M. Johansen mfl., 27–54. Oslo: Novus forlag.
- Aasen, Ivar. 1873. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Christiania: Mallings Boghandel.

Abstract


Where the medieval *kaupang* in Hamar was situated, loose finds of especially metal objects are regularly made. One of these finds is an object of lead with runes, and it was found by metal detector on

Storhamarstranda in 2012. This find has not been published until now. In this article the reading of the runes is presented, as well as the interpretation of the inscription. Other inscriptions as well as manuscript writing is included in the discussion of the interpretation. An interesting detail with this inscription is that one person who is named there, may be the same person as is mentioned in a charter from Hamar. The article also has a discussion of what this inscription tells us about writing cultures in Hamar and Norway in the medieval period. Finally the dating of the inscription is discussed as well as which function this object might have had.

Elise Kleivane
Universitetet i Oslo
Institutt for lingvistiske og nordiske studium
Postboks 1102 Blindern
NO-0317 OSLO
elise.kleivane@iln.uio.no




Illustrasjon 1. Domkirkeodden, Hamar. Kartet er orientert mot nord. Biletet er tatt i 2007 da det var låg vasstand i Mjøsa. Felt 15 er merka av på kartet. Ytst på odden er ruinane etter Hamarkatedralen, nå under vernebygget av glas. Aust for katedralen er ruinane etter bispegarden, nå Anno Museum. Jordet og villastrøket aust for bispegarden og ned mot stranda, og sør for den breie gata (Bispegata) som går austover midt på odden, er der Hamarkaupangen låg. Avmerka på ortofoto (Norge i bilder, Hedmarken 2007).



Illustrasjon 2. Storhamarstranda felt 15. Kartet er orientert mot nord. Sirklane viser kvar dei to delane av ringen blei funne. Det skraverte feltet viser området der dei fleste funna i dette feltet er gjort. Basert på kart og markering ved Erik Bjørnstad, Anno museum. Avmerka på ortofoto (Norge i bilder, Hedmarken 2007).



Illustrasjon 3. HKH-14429, med side A opp. Ringen er i to delar, delane er funne om lag ein meter frå kvarandre. Innskrifta på side A og brotflatene viser at delane høyrer saman. Foto: forfattaren.



Illustrasjon 4. Innskriftene på side A (til venstre) og side B (til høyre). Det ser ut som at ringen er sett saman av éi flat skive (side A) med hòl i midten og to halvsirkclar (side B) som ikkje møtest. Foto: forfattaren.



Illustrasjon 5. Teikning av innskrifta på side A til venstre, side B til høyre. Teikning: forfattaren.